



Referat

Områdeutval for Voss lokalsjukehusområde

| | |
|--------------|---|
| Dato og tid: | 2. februar 2023 kl. 1000 - 1300 |
| Møtestad: | Voss sjukehus |
| Møteleiar: | Kjersti Nordanger (utvalsleiar) |
| Til stades: | Kjersti Nordanger (Voss herad), Olav Lødemel (Helse Bergen, Voss sjukehus), Atle Grung (brukarrepresentant føretak), Brita Træbakken (brukarrepresentant kommune), Eldfrid Nerland Haukenes (fastlege), Eystein Hauge (kommuneoverlege), Hans Olav Instefjord (Helse Bergen), Grete Lill Hjartnes (Helse Bergen), Ansgar Berg (Helse Bergen), Solrun Hauglum (Vaksdal kommune) Karin Flatabø Thrane (Eidfjord kommune) Åshild Sønsteby (Ulvik herad), Terje Langeland (Kvam herad), Line Lie (Fagforbundet), Britt Heidi Tefre (Norsk sykepleierforbund) Gunn Iren Hovda Engvold (underutval PLO) Susanne Villander Rolland (underutval rehabilitering) Silje Todnem (UFAB) Frederic Andre Eftervåg Larsen (underutval ROP) June Eide Viken (underutval barn og unge) Reidun Braut Kjosås (SSe kommunerepresentant) |
| Fråfall: | Tove Iren Veda (underutval PLO) |
| Referent: | Reidun Braut Kjosås |

| Nr. | Saksliste | Saks-type (Vedtak Drøfting Orientering) |
|-------|---|--|
| 01/23 | Godkjenning av innkalling og saksliste Innkalling og saksliste godkjent utan merknader | V |
| 02/23 | Godkjenning av referat fra 15.nov 2022 Merknader til referatet - Helse Bergen jobbar med å finna personlege vara-representantar til OU-Voss. Dette arbeidet tek litt tid. | V |

| | | |
|-------|--|-----|
| | Referat frå 15.nov vart godkjent. | |
| 03/23 | <p>Orientering frå SSU møte 30.nov Kjersti Nordanger orienterte om saka. Det vart opna opp for å koma med innspel til arbeidet med handlingsplan for 2023.</p> <p>Følgjande kommentarar og innspel til referatet:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Sak 10/22 Partnarskapsmøtet 2023. Det vert ny dato for partnarskapsmøtet. Foreløpig oppsett dato er 19.april. Endeleg avklaring kjem etter SSU møtet 16.feb. - Sak 15/22 Medisinsk fagleg utval (MFU). MFU lager forslag til mandat for arbeid i utvalet. Mandatet skal til handsaming i SSU. - Sak 12/22 Felles handlingsplan. Det vert arbeida med utkast til felles handlingsplan. Denne saka skal opp i SSU 16.feb. Endeleg vedtak av handlingsplanen vert i seinare SSU møte. Områdeutvala vart oppmoda om å melda inn saker som kan vera aktuelle for vidare arbeid med handlingsplanen. | O/D |
| 04/23 | <p>Underutvalsstrukturen Leiarane for dei 5 underutvala presenterte kvart sitt underutval og ga ei statusmelding frå utvala.</p> <p>Barn og unge psykisk helse - June Eide Viken presenterte</p> <ul style="list-style-type: none"> - Samansetting av utvalet <ul style="list-style-type: none"> o kommuneoverlege, helsesjukepleiar, BUP mfl - utvalet er ein arena for utveksling av informasjon og erfaringsdeling - fem ulike kommunar som har ulike løysingar på ulike oppgåver. Me kan læra av kvarandre - Saker som har vore opp siste tida: <ul style="list-style-type: none"> o oppvekstreforma o barnekoordinator o Auka uro for rusproblematikk blant ungdom i regionen - Ønskjer å behalda underutvalet. Deltaking i utvalet senker terskel for å ta kontakt med kvarandre. - Etterlyser mandat for arbeidet i utvalet <p>Innspel</p> <ul style="list-style-type: none"> - Namnet på utvalet kan gjerne endrast til barn og unge og ta opp i seg både psykisk og somatisk helse. Dette underutvalet er og i tråd med dei prioriterte gruppene - Det er viktig å jobbe med overgangar (ungdom- vaksen, kommune - sjukehus mv) - Ein SOU frå Sverige frå 2021 peikar på utfordringar framover. Denne kan vera nytig å sjå nærmare på (SOU «börja med barnen») - Det kan vera gunstig å inkludera representasjon frå barn- og ungdomsklinikken i dette underutvalet. <p>ROP - Frederic Andre Eftervåg Larsen presenterte</p> <ul style="list-style-type: none"> - Samansetting av utvalet <ul style="list-style-type: none"> o inviterer og inn avd for rusmedisin og Sandviken ved behov o Burde fastlege vere representert i utvalet? - Har to fysiske møter i året og to digitale | O/D |

| | | |
|--|---|--|
| | <ul style="list-style-type: none"> - Har eit mandat som er laga langt tilbake (viser tilbake til gamle tenesteavtalar) - Utvalsmøta inneheld som oftast orientering og drøftingssaker. Sjeldan beslutningssaker. Vanskeleg og beslutta då dette krev forankring særleg saker knytt til økonomi. - Saknar forankring og bestillingar frå områdeutvalet - Saker siste tida: <ul style="list-style-type: none"> o forløpsarbeid o FACT og IPS - Utvalet ønsker gjerne tilbakemelding frå OU både ros og ris. <p>Innspel:</p> <ul style="list-style-type: none"> - fastlege representasjon er ønskjeleg, men kan vera vanskeleg å få til i ein hektisk kvardag. Kanskje fastlege kan vera med på enkelte møter eller på nokre saker. Deltakinga kan og vera digitalt. - vanskeleg å lesa referat med mange forkortinger. Generelt er det mykje bruk av forkortinger ikkje berre knytt til underutval for ROP. Det er ønskje om at forkortinger vert skrive ut. Reidun undersøkjer om ungdomsrådet i Helse Bergen har ei «ordliste» som fleire kan nytta. - Viktig og nyttig arbeid i underutvalet. - Underutvalet arbeider med ei av dei 4 prioriterte gruppene i Helsefellesskapet <p>Rehabilitering - Susanne Villander Rolland</p> <ul style="list-style-type: none"> - Samansetting av utvalet <ul style="list-style-type: none"> o sjukepleiarar, ergoterapeutar og fysioterapeutar - 2 fysiske møter og 2 digitale per år - møta vert gjennomført ulike stader - Saker siste tida <ul style="list-style-type: none"> o barnekoordinator o lokalsjukehuskonferansen - saknar eit mandat som hjelper med å setja mål og retning for arbeidet i underutvalet <p>Innspel</p> <ul style="list-style-type: none"> - Burde det også vore ein fastlegerepresentant i dette utvalet? - Klinikk for rehabilitering i Helse Bergen kunne kanskje og vore representert i utvalet? - Viktig at dette utvalet handlar om rehabilitering og ikkje sklir over i Pleie og omsorg - Det er mange grupper som treng rehabilitering. På den måten rettar dette utvalet seg mot fleire av dei prioriterte gruppene. - Saker å drøfte i dette utvalet <ul style="list-style-type: none"> o grensa mellom spesialisert rehabilitering og rehabiliteringa som skal skje i kommunane o innspel og arbeid med forløp o beste praksis <p>UFAB – Silje Todnem</p> <ul style="list-style-type: none"> - Sjå vedlagt presentasjon - saknar eit mandat for arbeidet | |
|--|---|--|

| | | |
|--|---|--|
| | <p>Innspel</p> <ul style="list-style-type: none"> - I SSU møtet 16.feb er det meldt inn sak om felles UFAB for foretaksområdet. Mandat for arbeidet er eit sentralt punkt i denne saka. <p>PLO – Gunn Iren Hovda Engvold</p> <ul style="list-style-type: none"> - Samansetting av utvalet - Saker det har vore jobba med <ul style="list-style-type: none"> o gjensidig hospitering o Trygge overgangar ved inn og utskriving - Mange saker som går igjen i fleire møter - Ønsker at fleire melder inn saker - Ønskjer eit mandat og retning for arbeidet i utvalet <p>Innspel</p> <ul style="list-style-type: none"> - Vurdera samansettinga av utvalet <ul style="list-style-type: none"> o Er det behov for at ein fastlege deltek o Sjukeheimslege bør kanskje og inn i denne type arbeid? o Kanskje og ein rep. frå ØH? - kjernegruppa for dette underutvalet er «skrøpelege eldre» <ul style="list-style-type: none"> o Både kommunane og sjukehuset merkar at denne pasientgruppa aukar - Arbeid i gruppa <ul style="list-style-type: none"> o vurdera om utvalet skal jobba meir prosjekt-organisert o eldre med samansette sjukdommar aukar. Framover vil det og bli nye «typar pasientar» som kanskje i større grad enn no har utfordringar knytt til alkohol og psykiatri o førebyggingsperspektivet (td. ernæringsarbeid) - Problemstillingar knytt til «skrøpelege» eldre bør kanskje og løftast inn til SSU <ul style="list-style-type: none"> o prioriteringsdebatt - Involvering av pårørande i arbeidet med innlegging og utskriving <p>Oppsummering</p> <ul style="list-style-type: none"> - Alle underutvala har eit ønskje om å halda fram. - Alle underutvala har ønskje om eit mandat og ein retning for arbeidet. - Underutvala er opne for endringar i samansetting. - Det er gunstig om underutvalsstrukturen i stor grad avspeglar dei prioriterte gruppene - Underutval for barn og unge si psykiske helse vert føreslått endra til underutval for barn og unge <p>Vidare oppfølging av saka</p> <ul style="list-style-type: none"> - Områdeutvalet ber kvart av underutvala om å laga forslag til mandat (punkter som bør inn i eit mandat) - Områdeutvalet ber og om at underutvala på bakgrunn av diskusjonen i møtet 2.feb gjer ei vurdering med omsyn til samansetting av underutvala. - Ei mindre gruppe sett saman av ein representant frå kommunane og ein frå føretaket i områdeutvalet og SSE representanten lager på bakgrunn av innspela frå underutvala forslag til mandat for dei ulike utvala. Forslag til mandat vert sak i neste OU møte 27.apr. | |
|--|---|--|

| | | |
|-------|---|---|
| 05/23 | <p>Referat frå møte i underutvala</p> <ul style="list-style-type: none"> • Barn og unge <ul style="list-style-type: none"> ◦ 24.11.2022 • Rehabilitering <ul style="list-style-type: none"> ◦ 07.12.2022 • Pleie og omsorg <ul style="list-style-type: none"> ◦ 13.12.22 • Rus og psykisk helse - ettersendt <ul style="list-style-type: none"> ◦ 01.12.22 <p>Ingen merknader til referata</p> | O |
| 06/23 | <p>Årsmelding 2022, rekneskap 2022 og budsjett 2023? Olav presenterte årsmelding, rekneskap og utkast til budsjett for 2023</p> <p>Innspel i møtet:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Under opplistinga av kven som representerer OU Voss i ulike arbeidsgrupper manglar to: <ul style="list-style-type: none"> ◦ Pakkeforløp Kreft heim – Kristi Buset (Voss herad) ◦ Innleggingsrapport som fyrste melding – Kjersti Hansen (Kvam herad) <p>Oppdatert årsmelding ligg ved.</p> <p>Ingen merknader til rekneskapen</p> <p>Vedtak:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Årsmelding godkjent med merknad nemnt ovanfor. - Rekneskapen for 2022 vart godkjent - Budsjett for 2023 vert godkjent med følgjande merknader <ul style="list-style-type: none"> ◦ Ingen kontingent i 2023. Det betyr kr 0,- på inntektssida ◦ Utgiftssida vert som føreslått i saksgrunnlaget. | V |
| 07/23 | <p>Søknad om underskotsgaranti</p> <p>Vedtak: Områdeutvalet for Voss lokalsjukehusområde løyver underskotsgaranti på inntil kr 35 000 til lokalsjukehuskonferansen 2023</p> | V |
| 08/23 | <p>Psykisk helsevern for framtida Hans Olav Instefjord orienterte om saka Essensen i grepa som vert gjort er at ein flytter ressursar inn mot dei dårlegaste pasientane. Endringane vil sannsynlegvis har positivt utslag for Voss lokalsjukehusområde. Det var ingen merknader eller spørsmål til saka.</p> | O |
| 09/23 | <p>Orientering frå representantane Orientering om saker som har relevans for samhandlinga</p> <p>Ulvik</p> <ul style="list-style-type: none"> - Ulvik ha endra organisering av Helse og omsorg. Har tilsett assisterande helse og omsorgsleiar og som har hovudansvar for pleie og omsorg. Åshild som er kommunalsjef for helse og omsorg har hovudvekt på helsefeltet. | O |

| | | |
|--|---|--|
| | <ul style="list-style-type: none"> - Har to legar per no, men den eine går snart av med pensjon. Det vert arbeidd med rekruttering. - Ulvik er i dialog med Eidfjord om samarbeid om kommuneoverlege funksjonen <p>Vaksdal</p> <ul style="list-style-type: none"> - nytt bygg ferdig til hausten - Har nokre gonger i haust opplevd å få feilsendte e-meldingar. Har oppdagat at det ligg feil adresse på Vaksdal i e-melding systemet. Meldingar som skal til Vaksdal kjem til Voss. Korleis kan dette endrast? <ul style="list-style-type: none"> o Helse Bergen ber om at Vaksdal tek kontakt med Mette Monsen i seksjon samhandling o Voss sjukehus skal og sjekke i sine system kva som ligg inn <p>Kvam</p> <ul style="list-style-type: none"> - Har framleis rekrutteringsutfordringar knytt til fastlege (mangler ein fastlege). - Etablering av kommunale legekontor er til drøfting - Nye Strandebarmheimen opnar i mars (26 senger for heildøgns omsorg) - Ny leiar for Helse og omsorg. Åslaug Bøhn Botnen er blitt pensjonist. Terje Langeland er ny helse og omsorgssjef - Frå 1.mars vert Reidun Braut Kjosås ny leiar for kommunehelse i Kvam. (legetenesta, legevakt, fysio/ergo, ROP) <p>Eidfjord</p> <ul style="list-style-type: none"> - Legesituasjonen er krevjande. Kommuneoverlegen har sagt opp sin stilling. Kommunen er i gang med rekrutteringsprosess. Det vert mellom anna greia ut nordsjøturnus. - Satsingsområde framover er førebrygging av barn og unge. Ønskjer å gå i gang med BTI. Ruskonsulent stilling (50%) og folkehelsekoordinator stilling (50%) er slått saman til ein 100% stilling. <p>Helse Bergen – Haukeland</p> <ul style="list-style-type: none"> - «Innleggingsrapport som første melding» (Kjersti Hansen er kommunal representant frå OU Voss) <ul style="list-style-type: none"> o det er gjort eit arbeid med kva innleggingsrapporten skal/bør innehalde o Informasjon om oppstart er sendt ut til kommunane. Løysinga er klar til å takast i bruk ganske snart. o viktig for pasienttryggleiken - Pakkeforløp kreft heim <ul style="list-style-type: none"> o workshop på bikuben 10.mars. Informasjon blir send til postmottak i kommunane o kommunane kan mælda på inntil 3 deltagarar o hode-hals avdelinga skal starta og testa dette ut frå 6. februar - Arbeid med ny prehospital plan skal i gang. - Det skal oppretta eit regionalt senter for kjønnsinkongruens <ul style="list-style-type: none"> o stor auke i tal saker siste åra. Særleg unge jenter o samarbeid med kommunen - Den økonomiske situasjonen vil nok prega føretaket framover | |
|--|---|--|

| | | |
|-------|---|--|
| | <p>Helse Bergen – Voss</p> <ul style="list-style-type: none"> - krevjande økonomi negativt resultat i fjord og har fått ytterleg nedtrekk i budsjettet i år <ul style="list-style-type: none"> o Sommarstenging av fødeavdelinga er ikkje aktuelt for 2023, men til vurdering for 2024 - sjukefråværet er høgt – høgare enn normalt - byggeprosjekt er utsett i fem år på grunn av investeringsstopp. Denne utsettinga får og konsekvensar for interkommunal legevakt (IKL). Men bygging er ikkje avlyst, berre utsett. - Tilbakemeldingar visar at pasientane er fornøgde med Voss sjukehus <p>Fastlege</p> <ul style="list-style-type: none"> - kommunikasjon mellom føretak og fastlegar er til tider krevjande (td henvisningsrutinar for fastlegar) - informasjon ut til alle fastlegar er viktig. Opplever litt for ofte at informasjonen stopper opp. <p>Brukarrepresentant</p> <ul style="list-style-type: none"> - I høve inn og utskriving av pasientar er det eit ønskje om å forsterka pårørande perspektivet. Informasjon om til dømes medisinar kan vera avgjerande å gje til pårørande. Særleg dersom pasienten skal heim og treng hjelp og støtte frå pårørande. <p>Fagforeiningar</p> <ul style="list-style-type: none"> - Godt samarbeid med kommunane på fødselsomsorg | |
| 10/23 | <p>Eventuelt</p> <p>OU Voss ønskjer at DPS Bjørkeli vert fast medlem i områdeutvalet. Dette blir vedtakssak i neste møte</p> | |

Neste møte: torsdag 27.april